

MØTEINNKALLING

KONTROLLUTVALET I DOVRE KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Tysdag 18. mars 2025	Kl. 10.00-15.00	Kommunestyresalen

Medlemmer blir med dette innkalla: Martin Killi (leiar), Magne Lunde (nestleiar), Greta Helene Talleraas, Guri Ruste, Hans-Jacob Dahl.

Varamedlem møter berre etter nærare varsel: Jan Vidar Haugen, Gunvor Gauteplass, Mathias Skrugstad, Magne Botten.

Evt. forfall må varslast snarast til sekretariatet. Forfall må grunngjevast.

Sakliste

	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 11/25	Protokoll og referatsaker
Sak 12/25	Rutine for verksemdsbesøk
Sak 13/25	Forvaltningsrevisjon i 2025
Sak 14/25	Planlegging av verksemdsbesøk
Sak 15/25	Orienteringar

Tilleggsinformasjon

- * Dialogmøte med ordførar og rådmann kl. 13.00
- * Det blir kaffe/te og formiddagsmat.

Otta, 4. mars 2025

Elin Marit Andgard (sign.)

SKNG

SAKSFRAMLEGG

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandlar:
18.3.2025	82/2025	11/25 - 15/25	Elin Marit Andgard, SKNG

Sak 11/25 Protokoll og referatsaker

Protokoll 11. februar 2025

Møteprotokoll sendt ut 4.3.25.

Referatsaker

- Kommunestyre 17.2: Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028 og Forvaltningsrevisjon IKT-sikkerheit
- Kommunestyre 10.3: Valg av ny vararepresentant til kontrollutvalet

Eventuelt / "ope post"

- Møtegodtgjering for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 11. februar 2025 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.

Sak 12/25 Rutine for verksemdsbesøk

Vedlegg

- Rutine for verksemdsbesøk

Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i sak 10/25 å be sekretariatet legge fram forslag til retningslinjer for verksemdsbesøk.

Fakta

Verksemdsbesøk er eit av fleire måter som kontrollutvalet kan føre kontroll på. Kontrollutvalsboka omtalar på side 32-22 besøk i kommunale verksemder, foretak og selskap, og tilrår at kontrollutval utarbeider prosedyre for slike besøk.

Forslag til tiltak

Kontrollutvalet vedtek framlagt forslag til rutine for verksemdsbesøk.

Sak 13/25 Forvaltningsrevisjon i 2025

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal påsjå at det blir utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i (kommuneloven § 23-2).

Val av tema og område blir gjort med bakgrunn i vedteke plan for forvaltningsrevisjon og kontrollutvalets kontinuerlege risiko- og vesentlegvurdering.

Fakta

Ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak, jamfør kommunelovens § 23-3.

Prioriterte tema for forvaltningsrevisjon er:

1. Internkontroll, kvalitetsikring og avvikssystem
2. Økonomi – offentlig innkjøp og anskaffelse

Før kontrollutvalet bestiller revisjonsprosjekt, utarbeider revisjonen ein foranalyse.

Denne vil gje informasjon om korleis prosjektet kan eller bør leggjast opp samt innspel til aktuelle formål, vinklingar og problemstillingar.

Vurderingar

Kontrollutvalet handsama i sist møte ein førespurdnad som omhandla kommunens kjøp av konsulenttenester. Ut frå vedtaket i saka, vurderer sekretariatet at utvalet ikkje har endra risiko- og vesentlegvurdering. Det vil derfor være naturleg å bestille forvaltningsrevisjon i samsvar med prioriteringene i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller foranalyse for å vurdere evt. forvaltningsrevisjon om internkontroll, kvalitetsikring og avvikssystem.
2. Dersom revisjonen i foranalysen vil tilrå prosjektet, ber kontrollutvalet om at revisjonen også utarbeider prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ynskjer at foranalysen og evt. prosjektplan blir levert til aprilmøtet.

Sak 14/25 Planlegging av verksemdsbesøk

Bakgrunn

Kontrollutvalet har i sin årsplan vedtatt å besøke Fredheim omsorgssenter. Rutine for slike besøk er vedtatt i sak 12/25.

Handsaming

Kontrollutvalet drøftar om det er bestemte tema det ynskjer å ha fokus på, kven utvalet ynskjer å møte, ynskje om tilsendte dokument i forkant osv.

Sak 15/25 Orienteringar

Bakgrunn

Orienteringar er eit av kontrollutvalets verktøy for å føre kontroll med kommunen. Gjennom orienteringar blir utvalet kjent med kommunens verksemd og kan på bakgrunn av desse vurdere om det er behov for oppfølging.

Fakta

Det er bede om at kommuneadministrasjonen orienterer om følgjande tema:

- Planstrategi
- Status revidering reglement
- Rutiner for svar på henvendelser til kommunen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til etterretning.